



Jærmuseet

Jobbnorge ID: 255318
Deadline: 1/17/2024
Website: <https://www.jaermuseet.no/>
Scope: Fulltime
Duration: Engagement

Jærmuseet søker

Digital marknads- og kommunikasjonskonsulent

Jærmuseet

Slagordet vårt er opplev - delta - utforsk.

Moderne vitensenter, litteratursenter, utstillinger og anlegg som fortel om jordbruk og byggeskikk, industri og byhistorie, fly og luftfart, sjø og sjøredning, og byr på forteljingar frå andre verdskrig.

Historier vert formidla gjennom interaktive utstillinger og aktivitetar, like gilde for store som små. Gjestene våre får oppleve forrykande show, besøka dyra på garden, snurra dikt, studera militære og sivile fly og finna ut korleis fyrvaktaren budde. Dei kan òg nyta utsikta og roen i dei gamle gardstuna som fortel om livet på Jæren i eldre tid.

Om stillinga

Stillinga er nyoppretta og skal marknadsføra aktiviteten ved dei 12 museumsanlegga, det omreisande vitensenteret Science Circus samt samlings- og dokumentasjonsarbeidet vårt.

Jærmuseet er på jakt etter ein initiativrik og kreativ person til å styrka vår marknads- og kommunikasjonsavdeling. Me søker deg som er god på å koordinera og gjennomføra. Du er helst ekspert på SoMe og moglegheitene som finst her. Du er flink til å uttrykka deg skriftleg, men òg ved hjelp av foto og film. Du må kunne sjonglera fleire ballar i lufta på ei gong, samtidig som du sikrar at alle ballane hamnar i rett mål. Du må trivast med folk (og gjerne òg med fe). Du må lika deg både bak og gjerne også framfor kameraet. Du må ha lyst å dela med andre det arbeidet du gjer. Jærmuseet nyttar nynorsk som administrasjonsspråk.

[Lenke](#) til strategiplan.

Arbeidsoppgåver

- Styrka Jærmuseet sitt omdømme og merkevare gjennom god marknadsføring og kommunikasjon
- Planlegging, produksjon, distribusjon og oppfølging av kampanjar og marknadsføring i samarbeid med avdelingane, med særleg fokus på digitalt innhald
- Produsera nyheitssaker til digitale flater og pressemeldingar
- Sørga for oppdatert innhald på nettsida
- Skriva og senda ut nyheitsbrev
- Analyse og evaluering av marknadskampanjar
- Utvikla marknadsmateriale

Kvalifikasjonar

- Utdanning på bachelornivå innan kommunikasjons-/medie-/ journalistikkfag
- Relevant arbeidserfaring kan kompensera for formell utdanning
- Erfaring med innhaldsproduksjon, som bilete, video og tekst til ulike digitale kanalar
- Ha blikk for kva innhald som fungerer i dei ulike kanalane
- Ha blikk for gode motiv og kulissane
- Må kunne skriva godt på nynorsk og gjerne òg på bokmål og engelsk
- God på tekst for digitale flater
- Kjennskap til dei siste trendande innan SoMe
- Erfaring frå Wordpress, Metas Business Manager og Google Ads er ein fordel
- Førarkort klasse B

Eigenskapar

- Interesse for museum og vitensenter, og for formidling av historie og/eller vitskap
- Vera sjølvgåande
- Vera utadvendt, imøtekomande og samarbeidsvillig
- Vera strukturert, men samtidig fleksibel

- Trivast med ein hektisk arbeidskvardag

Alle tilsette må levera godkjent politiattest før tilsetting

Jærmuseet ønskjer mangfald i staben, og alle kvalifiserte personar vert oppfordra til å søkja, uavhengig av kulturell bakgrunn, alder og funksjonsevne.

Det vil verta lagt vekt på at den som vert tilsett er personleg eigna til stillinga

Jærmuseet tilbyr

- Eitt-årig engasjement i 100% stilling
- Ein variert og ofte travel arbeidsdag i eit triveleg miljø
- Høve til fagleg og personleg utvikling
- God pensjonsordning
- Behandlingsforsikring
- Fleksibel arbeidstid
- Løn etter avtale

Hovudkontoret er på Nærbø, men det er forventa at stillinga arbeider på alle anlegga og har arbeidsplass fleire stader.

Kollegiet i Jærmuseet

Marknads- og kommunikasjonsavdelinga i Jærmuseet er ei lita avdeling som består av marknads- og kommunikasjonssjef, salskoordinator og informasjonsmedarbeidar (10%). I tillegg er det fleire på dei ulike avdelingane som bidrar i arbeidet.

I denne stillinga kjem du i kontakt med mange ulike yrkesgrupper som pedagogar, utstillingsansvarlege, butikk/resepsjonsansvarlege, driftskoordinatorar, kokkar, handverkarar, samlingsforvaltarar.

Om Jærmuseet

Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

Museet har ca. 70 årsverk og driv 12 ulike besøksanlegg i sju kommunar.

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar.

"Å samkøyra formidlingskonsept som har utgangspunkt både i vitensentera og musea sin kompetanse og formidlingstradisjon, er gjort med stort hell mellom anna på Jærmuseet, der dette òg er organisatorisk samkøyrte i same institusjon. Kulturdepartementet ser gjerne meir utveksling mellom vitensenter og museum, der dette er naturleg, i tida som kjem." Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid

Jærmuseet har årleg eit samla besøk på ca. 200.000.

Additional information

Contact person:

Elin Ravndal Bell, marknads- og kommunikasjonssjef
Phone: +47 90 80 38 64 | E-mail: erb@jaermuseet.no

Place of service:

Kviavegen 99 4365 Nærbø (Hå Municipality)